

**Fra:** Iselin Heggheim <iselin@villplan.no>  
**Sendt:** mandag 30. januar 2023 15:35  
**Til:** Postmottak Alver  
**Emne:** VS: Forslag til omsynssone for automatisk freda kulturminne - Hanevika  
**Vedlegg:** Forslag til omsynssone H570\_Hanevika.png; 20221215 Nytt plangrep.pdf; Rapport 13 2022 Reguleringsplan for Hanevika, Radøy, Alver.pdf

Til orientering. Gjelder reguleringsplanarbeid for Hanevika.

Vennlig hilsen

**Iselin Heggheim**

Arealplanlegger  
Vill Plan AS

+47 480 32 464

[iselin@villplan.no](mailto:iselin@villplan.no)

[www.villplan.no](http://www.villplan.no)



---

**Fra:** Iselin Heggheim  
**Sendt:** mandag 30. januar 2023 14:38  
**Til:** Merethe Tvedt <[merethe.tvedt@alver.kommune.no](mailto:merethe.tvedt@alver.kommune.no)>  
**Kopi:** Kristoffer Johan Pettersen <[krpettersen@mil.no](mailto:krpettersen@mil.no)>; Mats Mastervik <[mats@villplan.no](mailto:mats@villplan.no)>; Mona Mortensen <[mona@villplan.no](mailto:mona@villplan.no)>  
**Emne:** VS: Forslag til omsynssone for automatisk freda kulturminne - Hanevika

Hei

Viser til telefonsamtale i dag og sender over rapport fra kulturminneregistreringa, fylkeskommunen sitt forslag til omsynssone og vårt forslag til nytt plangrep.

Vår grunngjeving for det nye plangrepet var:

*Omsynssone H730 leggast inn i tråd med den avgrensinga som kjem fram av Askeladden. For omsynssone H570 har vi tatt utgangspunkt i at det funnførande området ligg mellom 10-12 moh. Vidare har vi sett på landskapets form, og vurdert at kollen som ligg rett bak kulturminnet er eit vesentleg element for å forstå buplassen som ligg innanfor H730. Kollen egnar seg fint som ein naturleikeplass og kan brukast til å vidareføre kvalitetar knytt til kulturmiljø, leik og rekreasjon i området. Mot sør er omsynssone H570 avgrensa mot det utbygde fritidsbustadområde (bnr. 57).*

Forslag til nytt plankart ligg vedlagt (20221215 Nytt plangrep). I tillegg vart det lagt ved forslag til føresegner:

#### ***Omsynssone H570 – Bevaring kulturmiljø***

1. Omsynssona kjem frem av plankartet. Omsynssona fungerer som ein buffer for omsynssone H730.
  2. Det er ikkje tillate å gjennomføre planering, graving, fylling eller andre tiltak som endrar landskapskarakteren eller terrengrøfta.
  3. Ved etablering av tiltak og behandling av byggesøknad innanfor H570, skal omsynet til kulturmiljøet og det automatisk freda kulturminnet vektleggast. Alle byggesøknader skal vurderast av regional kulturminneforvalting.

#### ***Omsynssone H730 – Automatisk freda kulturminne (bandlegging etter kulturminneloven)***

I området finnes automatisk freda kulturminne. Det er ikkje tillat å setje i gong tiltak som er eigna til å skade, øydelegge, grave ut, flytte, forandre, dekke til, skjule eller på annan utilbørleg måte skjemme det automatisk freda kulturminnet eller framkalle fare for at dette kan skje.

#### ***Grøntområde (G1)***

På grunnlag av godkjend teknisk plan, er det tillat å grave ned leidningsanlegg (vatn, avløp, straum, telefon, TV-kabel med meir) i G1. Terrengformasjonar og vegetasjon skal takast vare på/førast tilbake til opphaveleg utsjånad.

#### ***Leikeplass***

LEK2 skal vere ein naturleikeplass, der eksisterande terrenget skal bevarast. Området kan etablerast med sitjegrupper og stadtilpassa leikeapparat.

VLFK kunne ikkje tilrå vårt forslag, sjå e-posten under.

Vi har bedt om eit møte med dei for å kunne kome fram til ei aksepterbar løysing, men fylkeskommunen ønskjer ikkje møte før det føreligg eit nytt forslag til omsynssone. Vidare presiserast det at:

#### ***Om utilbørlig skjemming:***

Det følger av [\*\*kulturminneloven § 3\*\*](#) at ingen må sette i gang et tiltak som er egnet til å utilbørlig skjemme et automatisk fredet kulturminne. Gjennomføring av tiltak som er utilbørlig skjemmende krever dispensasjon etter [\*\*kulturminneloven § 8\*\*](#).

Utilbørlig skjemming kan forstås som et tiltak som i vesentlig grad endrer omgivelsene til et automatisk fredet kulturminne, og slik svekker opplevelsen og forståelsen av det. Forbudet mot utilbørlig skjemming må ses i sammenheng med kulturminnelovens formål om å ivareta kulturminnene for nålevende og framtidige generasjoner.

For mange kulturminner er landskapstilhørigheten en del av kulturminneverdien. Derfor er det ønskelig å bevare kulturminnene ikke kun som enkeltobjekter, men også i en meningsfull sammenheng slik at de er forståelige, ved at de inngår i helhetlige og sammenhengende miljøer. Selv når kulturminnet ikke er synlig over markoverflaten sier beliggenhet og landskapstilhørigheit noe om et steds betydning, og om kulturminnets funksjon, landskapsbruk og ressursutnyttelse i fortiden. Kulturminnenes synlighet og landskapstilhørighet er viktig å opprettholde. Dels for å unngå utilsiktede skader på dem. Men også for at vi skal kunne forstå kulturminnene og oppleve dem som en del av det kulturhistoriske landskapet. I denne saken er landskapsrommet relativt

*urørt og godt leselig i forhold til steinaldermenneskets ressursutnyttelse og valg av boplass, ønsket utbygging vil endre lesbarheten totalt.*

Slik vi forstår fylkeskommunen sine tilbakemeldinger, er at områda under denne omsynssona også må ha LNF-føremål som ikkje legg opp til noko utbygging/tiltak. Vi arbeider vidare med eit forslag som fylkeskommunen kan tilrå.

Vennlig hilsen

**Iselin Heggheim**

Arealplanlegger

Vill Plan AS

+47 480 32 464

[iselin@villplan.no](mailto:iselin@villplan.no)

[www.villplan.no](http://www.villplan.no)



---

**Fra:** Sigrun Wølstad <[Sigrun.Wolstad@vlfk.no](mailto:Sigrun.Wolstad@vlfk.no)>

**Sendt:** mandag 19. desember 2022 15:52

**Til:** Iselin Heggheim <[iselin@villplan.no](mailto:iselin@villplan.no)>

**Kopi:** Karoline Hareide Breivik <[Karoline.Hareide.Breivik@vlfk.no](mailto:Karoline.Hareide.Breivik@vlfk.no)>

**Emne:** SV: Forslag til omsynssone for automatisk freda kulturminne - Hanevika

Hei, Iselin

Vi kan ikke tilrå viste arealformål og viste utstrekningen av omsynssone H570. Vi vil gå til innsigelse om dere går videre med dette planforslaget. Hensynssone H570 må utvides betraktelig og arealformål som tillater tiltak må reduseres og gis LNF formål i hensynssonene. Planforslaget er nå i konflikt med kulturminneloven ved at det automatisk freda kulturminnet vil bli utilbørlig skjemmet, og det er stor fare for ulovlige inngrep.

Vi viser til kulturminnelovens § 3 som planen nå er i konflikt med:

Ingen må – uten at det er lovlig etter § 8 – sette i gang tiltak som er egnet til å skade, ødeleggje, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annen måte utilbørlig skjemme automatisk fredet kulturminne eller fremkalle fare for at dette kan skje.

Eventuelt må det gis løyve gjennom planvedtak fra kulturminnelovens § 8.4, vi gjør oppmerksom på at et slikt løyve vil bli gitt på vilkår om en arkeologisk utgraving, kostnaden må dekkes av tiltakshaver jf. § 10.

Vi viser til vårt brev datert 27.09.2022 og vår e-post sendt 26.10.2022 (med forslag til hensynssone H570).


Utdrag fra brev datert 27.09.2022 (min utheting):

«Automatisk freda kulturminne skal som hovedregel bevarast i reguleringsplan **gjennom arealføremål som ikke opnar for nye tiltak**, kombinert med omsynssoner og tilhøyrande føresegner, jf. plan- og bygningslova §§ 11-8c, 11-8d og 12-6. Automatisk freda kulturminne skal markerast med omsynssone d (SOSI-kode H730), avgrensinga skal omfatte lokalitetsavgrensning samt fem meter sikringssone. Vidare skal det leggjast ei omsynssone c (SOSI-kode H570) i **eit større areal rundt lokaliteten, for å sikre kulturminna mot inngrep og skjemming**, jf. § 3 i kulturminnelova»

Med helsing

**Sigrun Wølstad**  
Seniorrådgjevar

Seksjon for kulturarv  
Avdeling for Kultur, idrett og inkludering



Tlf: 96944535  
[www.vestlandfylke.no](http://www.vestlandfylke.no)

---

**Fra:** Iselin Heggheim <[iselin@villplan.no](mailto:iselin@villplan.no)>  
**Sendt:** mandag 19. desember 2022 14:28  
**Til:** Sigrun Wølstad <[Sigrun.Wolstad@vlfk.no](mailto:Sigrun.Wolstad@vlfk.no)>  
**Kopi:** Vestland fylkeskommune <[post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no)>; Kristoffer Johan Pettersen <[kpettersen@mil.no](mailto:kpettersen@mil.no)>; Mats Mastervik <[mats@villplan.no](mailto:mats@villplan.no)>; Line Merete Valle <[line@villplan.no](mailto:line@villplan.no)>  
**Emne:** Forslag til omsynssone for automatisk freda kulturminne - Hanevika

Hei

Sender som avtalt over eit forslag til omsynssone for kulturmiljø på Hanevika, sjå vedlagt notat.  
Om noko er uklart er det berre å ta kontakt.

Elles ønskjer eg ei riktig god jul og eit godt nyttår!

Vennlig hilsen

**Iselin Heggheim**

Arealplanlegger

Vill Plan AS

+47 480 32 464

[iselin@villplan.no](mailto:iselin@villplan.no)

[www.villplan.no](http://www.villplan.no)

